



SAMNANGER KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvale: Administrasjonsutvalet

Møtedato: 08.02.2012

Møtetid: 13.00 -

Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post adm@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordførar

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/12	12/107	Faste saker	
002/12	12/69	Revisjon av lønspolitisk plan 2012 - oppstart og tidsplan	
003/12	12/85	Administrasjonsutvalet - planlegging og prioritering av oppgåver/aktivitetar	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 12/107	Løpenr: 12/491
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	08.02.2012	001/12	LS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:			
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Godkjenning av protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter 			

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhold
09/345	09.09.2011	S		Permisjon på grunn av anna arbeid

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-500
Arkivsaksnr: 12/69	Løpenr: 12/250
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	08.02.2012	002/12	JEB

REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN 2012 - OPPSTART OG TIDSPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Del II av lønspolitisk plan skal reviderast av administrasjonsutvalet våren 2012. Arbeidet med revisjonen vert lagt opp som følgjer:

1. Kommuneadministrasjonen kallar dei hovudtillitsvalde i Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet inn til eit oppstartsmøte i første halvdel av februar 2012. Der får fagforeiningane hove til å koma med innspel til arbeidet med revidering av del II av lønspolitisk plan.
2. Kommuneadministrasjonen sender ut brev til einingsleiarar og alle fagforeiningane som har tilsette i kommunen, der dei vert bedne om å koma med forslag til endringar i del II i lønspolitisk plan. Frist for innmelding av forslag vert ca. 01.03.2012
3. Kommuneadministrasjonen utarbeider utkast til revidert del II av lønspolitisk plan.
4. Utkastet vert drøfta med dei hovudtillitsvalde. Frist 30.03.2012.
5. Etter drøftingsmøtet gjer kommuneadministrasjonen eventuelle endringar i forhold til ”første utkast” til revidert lønspolitisk plan.
6. Framlegget vert lagt fram for behandling i administrasjonsutvalet 18.04.2012.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Hovudtariffavtalen
Gjeldande lønspolitisk plan for Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Lønspolitisk plan for Samnanger kommune er delt i to delar:

- Del I - Overordna del
 - Vert vedteken og revidert av kommunestyret
 - Skal reviderast minst kvart 4. år
 - Vart sist revidert i 2009

- Del II - Administrativ del
 - Vert vedteken og revidert av administrasjonsutvalet
 - Skal reviderast ved behov
 - Vart sist revidert hausten 2011

Vurderingar og konsekvensar:

I og med at del I av planen vart revidert av kommunestyret i 2009, ser kommuneadministrasjonen det ikkje som nødvendig å revidera denne delen av planen igjen før i 2013.

Det er behov for å revidera del II av planen i 2012, før dei lokale lønsforhandlingane til hausten. I praksis betyr det at revisjonen bør gjerast før sommarferien 2012.

Kommuneadministrasjonen si vurdering er at behovet for revisjon først og fremst gjeld lønsmåla for ulike stillingar i kommunen (punkt 7.3 med underpunkt). Det er behov for ein gjennomgang av desse lønsmåla før dei lokale lønsforhandlingane.

Administrasjonsutvalet må ta stilling til korleis arbeidet med revisjonen skal leggjast opp. I Hovudtariffavtalen (kapittel 3, § 3.2) står følgjande:

Arbeidsgiver tar initiativ til regelmessig revidering av lokal lønnspolitikk. Lønnspolitiske retningslinjer utformes etter drøftinger med de ansattes organisasjoner.

Kommuneadministrasjonen foreslår at arbeidet vert lagt opp som følgjer:

1. Kommuneadministrasjonen kallar dei hovudtillitsvalde i Fag forbundet, Utdanningsforbundet og Sjukepleiarforbundet inn til eit oppstartsmøte i første halvdel av februar 2012. Der får dei hovudtillitsvalde høve til å koma med innspel til arbeidet med revidering av del II av lønspolitisk plan.
2. Kommuneadministrasjonen sender ut brev til einingsleiarar og alle fagforeiningane som har tilsette i kommunen, der dei vert bedne om å koma med forslag til endringar i del II i lønspolitisk plan. Frist for innmelding av forslag vert ca. 10.03.2012
3. Kommuneadministrasjonen utarbeider utkast til revidert del II av lønspolitisk plan.
4. Utkastet vert drøfta med dei hovudtillitsvalde. Frist 30.03.2012.
5. Etter drøftingsmøtet gjer kommuneadministrasjonen eventuelle endringar i forhold til ”første utkast” til revidert lønspolitisk plan.
6. Framlegget vert lagt fram for behandling i administrasjonsutvalet 18.04.2012.

Kommuneadministrasjonen ønskjer ikkje at det vert sett ned ei formell arbeidsgruppe i denne saka. Årsaka er at dette tidlegare har vist seg å vera ei ineffektiv arbeidsform i samband med revisjon av lønspolitisk plan. Me meiner det vil vera meir effektivt å leggja opp arbeidet slik det er skissert ovanfor. Me meiner også at dei tilsette sin rett til påverknad vert godt ivareteken med løysinga me foreslår. Dei tilsette sine representantar vil ha høve til å medverka i prosessen i tre fasar (koma med forslag i fase 1/2, drøftingar i fase 4 og behandling i administrasjonsutvalet i fase 6).



SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 12/85	Løpenr: 12/331
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	08.02.2012	003/12	JEB

ADMINISTRASJONSUTVALET - PLANLEGGING OG PRIORITERING AV OPPGÅVER/AKTIVITETAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Hovudavtalen
Kommunelova
Kommuneplan for Samnanger

Kva saka gjeld:

På møte i administrasjonsutvalet 28.11.2011 vart oppgåver og ansvarsområde for utvalet diskutert i sak 010/11. Kommuneadministrasjonen fekk i oppgåve å laga eit samandrag, som kan vera grunnlag for vidare drøfting/avgjerd på neste møte i utvalet.

Kommuneadministrasjonen har med utgangspunkt i protokollen frå møtet 28.11.2011 laga eit samandrag. Der er det også teke med nokre presiseringar/tilleggsopplysningar.

Samandrag frå diskusjonen i administrasjonsutvalet 28.11.2011:

Talet på medlemmer i administrasjonsutvalet

Kommunestyret vedtok 15.12.2011 å auka talet på tilsettrepresentantar frå to til tre. Dette var i samråd med tilrådinga frå administrasjonsutvalet.

Status:

Melding om vedtaket og informasjon om reglar for utpeiking av representantar vart sendt ut til fagforeiningane 06.01.2012 (Fagforbundet, Sjukepleiarforbundet og Utdanningsforbundet). Kommuneadministrasjonen forstår det slik at det er

hovudsamanslutnaden UNIO som skal ha den nye representanten, men me har førebels ikkje fått informasjon om kven som er valt.
Side 7 av 8

Arbeid knytt til inkluderande arbeidsliv

Det må avklarast om administrasjonsutvalet skal arbeida med spørsmål knytt til inkluderande arbeidsliv, til dømes sjukefråværs-/nærværarbeid.

I Samnanger har det primært vore arbeidsmiljøutvalet som har arbeidd med saker knytt til inkluderande arbeidsliv. Dersom både arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet skal arbeida med slike spørsmål, er det nødvendig med ei så klar rolle-/ansvarsfordeling som mogleg mellom dei to utvala. Det vil ikkje vera føremålstenleg at nøyaktig dei same spørsmåla/tema skal takast opp i begge utvala.

Etter tredje avsnitt i § 4 i HovudavtaLEN ligg det til administrasjonsutvalet å foreslå og behandla overordna retningsliner for kommunen sin personalpolitikk, mellom anna tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv. Dette kan vera utgangspunktet for ei eventuell rollefordeling mellom administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Samnanger kommune som lærlingebedrift

Skal administrasjonsutvalet ha noko rolle knytt til Samnanger som lærlingebedrift?

Fram til i dag har ikkje administrasjonsutvalet hatt noko rolle her, men utvalet kan om det ønskjer det involvera seg til dømes i arbeid med strategi/prioriteringar innanfor dette området.

Kommunen har dei siste åra teke inn lærlingar innanfor to fagområde; barne- og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidar. Per i dag har kommunen berre ein lærling (barne- og ungdomsarbeidar). Ved siste utlysing var det ingen søkjarar til lærlingepllass for helsefagarbeidar.

Andre fagområde som kan vera aktuelle for lærlingepllassar i kommunen er til dømes IKT, institusjonskjøkken og kontor/administrasjon.

Fast årskjul/faste årlege oppgåver for administrasjonsutvalet

Det må vurderast om det skal setjast opp eit årshjul, som sikrar at faste årlege saker kjem opp i administrasjonsutvalet til rett tid.

Dei siste åra har det i liten grad vore ”faste saker” i administrasjonsutvalet. Det er derfor litt vanskeleg for kommuneadministrasjonen å sjå for seg kva saker som skal setjast opp i eit årshjul, men følgjande saker kan kanskje vera aktuelle:

- Gjennomgang av sjukefråværsstatistikk (første møte etter nyttår)
- Gjennomgang av årsmelding (vår)
- Gjennomgang av tiltakslistar i kommuneplanen (tiltak som gjeld kommuneorganisasjonen)
- Revisjon/rullering av del II av lønnpolitisk plan (vår)
- Gjennomgang av medarbeidarundersøkingar

Oppgåver etter fjerde avsnitt i § 4 i HovudavtaLEN

I fjerde avsnitt i § 4 i HovudavtaLEN er det lista opp ei rekke sakstypar som administrasjonsutvalet kan arbeida med:

- Kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak
- Oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer
- Resultat frå KS sine kontaktar med statlege styresmakter
- Oppfølging av saker frå sentralt kontaktmøte

Til no har administrasjonsutvalet i Samnanger ^{Side 8 av 8} i liten grad arbeidd med desse sakstypane. Det bør takast stilling til om me skal arbeida med desse sakstypane, og i tilfelle kva sakstypar som skal prioriterast. Utvalet må sjølv ta stilling til dette.

Arbeid knytt til målsettingane i kommuneplanen for Samnanger

I kommuneplanen er det fastsett fleire mål for kommuneorganisasjonen:

- Hovudmål:
 - Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon.
- Delmål:
 - Høg kvalitet på kommunale tenester.
 - Tilsette som trivst og er stolte av arbeidsplassen sin.

I kommuneplanen er det sett opp ei rekke tiltak under kvart av delmåla ovanfor. Ei mogleg oppgåve for administrasjonsutvalet kan vera å gå gjennom desse tiltakslistene, mellom anna for å ”gjera opp status” knytt til dei einskilde tiltaka.

Skal ein del av møta i administrasjonsutvalet haldast ute på arbeidsplassane?

Fleire av representantane ønskjer å prøva ei slik ordning.

Dersom me skal prøva ut ei slik ordning, meiner kommuneadministrasjonen at det bør leggjast inn ein presentasjon av eininga/arbeidsplassen som ein del av møta. Einingsleiar, avdelingsleiar(ar), plassstillitsvalde og verneombod bør ha høve til å vera med på møta dersom dei ønskjer det.

Kommuneadministrasjonen foreslår at i første halvår 2012 vert eitt av møta i administrasjonsutvalet halde på ein arbeidsplass utanfor kommunehuset, anten på Samnangerheimen eller ved ein av skulane. Ut frå erfaringane me gjer oss då, må det takast stilling til om fleire møte skal haldast utanfor kommunehuset.

Oppsummering:

Følgjande nye oppgåver kan vera aktuelle for administrasjonsutvalet:

- Foreslå og behandla overordna retningsliner for arbeidet med inkluderande arbeidsliv.
- Arbeid med målsettingar og prioriteringar for kommunen som lærlingebedrift.
- Etablira eit årshjul for faste oppgåver/saker i utvalet, mellom anna:
 - Gjennomgang av sjukefråværsstatistikk (første møte etter nyttår)
 - Gjennomgang av årsmelding (vår)
 - Gjennomgang av tiltakslistar i kommuneplanen (tiltak som gjeld kommuneorganisasjonen)
 - Revisjon/rullering av del II av lønspolitisk plan (vår)
 - Gjennomgang av medarbeidarundersøkingar
- Arbeid med ei eller fleire oppgåver etter fjerde avsnitt i § 4 i Hovudavtalen:
 - Kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak
 - Oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer
 - Resultat frå KS sine kontaktar med statlege styresmakter
 - Oppfølging av saker frå sentralt kontaktmøte
- Prøva ut ordning med å halda møte i utvalet på arbeidsplassar utanfor kommunehuset.